

**Fra:** Kristen Skrivarvik <kristen.skrivarvik@sfe.no>  
**Sendt:** 18. mars 2016 09:07  
**Til:** NVE  
**Kopi:** Hansen Erlend Støle  
**Emne:** Høyringsfråsegn til tolv småkraftverk og opprusting av tre kraftverk i Gloppen kommune

SFE Nett vil med dette gje ei kort høyringsfråsegn til tolv småkraftverk og opprusting av tre kraftverk i Gloppen kommune.

SFE Nett har ingen merknadar til sjølve kraftverka, men vil her gje ei kort orientering om nettilhøva.

#### Kraftverka i Hyen (Haugaelva, Kaldeelva, Øyrane, Røyrvik, Ommedal og Solheim)

Dagens nett ut frå Hyen er fullt utnytta (restkapasitet  $\leq$  1MW). SFE Nett har i, samband med søknaden om Gjengedal kraftverk, søkt konsesjon for ny 132kV leidning frå Storebru via Skogheim/Åsane og fram til Gjengedal. Det er og søkt om ny trafostasjon ved Skogheim/Åsane som vil gje rom for tilknytning av dei konsesjonssøkte kraftverka. I tillegg vil det være nødvendig med forsterking av lokalt 22kV nett. Omfanget av dette vil avhenge av framtidig utbyggingsvolum.

#### Sørstranda (Traudalen, Langedalselva, Skorgeeva, Rauset, og Kvitefella 2) og Hyestranda (Sessaelva)

Dagens trafostasjon (Sandane) og overliggende 66kV nett har ikkje kapasitet til den konsesjonssøkte mengda ny produksjon. SFE Nett har konsesjon for ny 132kV leidning Reed-Sandane og utvida transformeringsytelse i Sandane trafostasjon. Ny leidning Reed-Sandane er under planlegging og er venta sett i drift i 2017 eller -18. For utvida transformeringskapasitet vil vente til behovet er nærare avklara før vi set dette i verk.

Lokalt for kraftverka utover Sørstranda og i Hyestranda så er gjennomgåande 22kV nett forsterka i samband med tidlegare småkraftutbygging. Her er kapasitet for dei konsesjonssøkte kraftverka, men tiltak kan bli nødvendig på enkelte avgreiningar avhengig av utbyggingsomfang.

#### Opprusting av tre kraftverk (Evebøfossen, Eidsfossen og Trysilfossen)

Tilhøva i overliggende nett er dei same for desse tre kraftverka, som for kraftverka utover Sørstranda. Lokalt 22kV nett mellom Eidsfossen og Sandane trafostasjon må forsterkast ved auka produksjon frå Eidsfossen og Trysilfossen. Evebøfossen ligg like ved Sandane trafostasjon og vil enkelt kunne få nettilknytning.

Venleg helsing

#### **Kristen Skrivarvik**

Senioringeniør nettförvaltning

SFE Nett AS

T: 57 74 61 66 | M: 489 99 320 | [sfenett.no](http://sfenett.no)

**Sogn og Fjordane Energi**



**SFE**